

Jnr. 1114.17
GJG/rr

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7200
5020 Bergen

Nasjonal transportplan 2018-2029 - Innspel til høringsfråsegn frå fylkeskommunen til handlingsprogrammet 2018-2023

Syner til handlingsprogrammet til NTP 2018-2023 og oversende innspel frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Sunnhordland

E39

Parsellen E39 Stord-Os er ein viktig lekk i kyststamvegen og det viktigaste samferdsleprosjektet for store delar av Hordaland. Prosjektet inngår i Ferjefri E39 og vil saman med Rogfast gje ferjefritt vegsamband mellom Stavanger og Bergen.

Prosjektet E39 Ådland – Svegatjørn – Hordfast, er prioritert med 14. mrd. kroner i siste del av planperioden. Prosjektet blir no gått igjennom for å sjå på moglege kostnadsreduksjonar. Dette har blant anna ført til at brua over Bjørnefjorden vert billegare enn i tidlegare overslag. Med større kostnadsreduksjonar er det i Nasjonal transportplan 2018-2029 opna for at det kan bli aktuelt med anleggsstart alt i første seksårsperiode, dersom det vert lagt inn alternativ finansiering. Med bompengerekkjeving kan det opnast for anleggsstart i 2021-2022.

Dette krev også at dei statlege planane for Hordfast må ferdigstillast snarast råd, og at arbeidet med delgodkjenning av kommuneplanar/delplanar må prioriterast.

Ein viser og til at det no ligg føre godkjent kommunedelplan for E39 Heiane-Ådland, og ber om at det vert sett av ressursar til vidare detaljplanlegging for denne strekka.

E134 Haukelivegen er den viktigaste aust – vest korridoren for Hordaland og Rogaland

Samfunnsnyttan og verdien for næringslivet med utbetring av E134 er i fyrste omgang at transporten vert raskare, rimelegare og tryggare. Det vert mindre utslepp av klimagassar og regulariteten aukar.

Det er positivt at Stortinget har opna for oppstart av **E134 Seljestad-Røldal** med bompengandelen i første 6-årsperiode av NTP 2018-2029 og at dette blir reflektert i forslag til handlingsprogram. Det blir no teke sikte på at arbeidet med bompengeutgreiing for heile fjellovergangen (Seljestad-Vågsli) kan starta rundt årsskiftet 2017/18, og at det blir fremja ein samla bompengeproposisjon. Det blir forventa at Vegvesenet bidreg aktivt i dette arbeidet og med å fremje saka for sentrale myndigheiter.

E134 - trafikksikringstiltak

E134 Bakka -Solheim har 40 km godkjend kommunedelplan og går utanom to kommunesenter, gjennom store deler av Vindafjord og Etne kommunar. Strekninga Bakka- Solheim er ikkje omtala eller prioritert i NTP 2018-2029. Traseen har ikkje stamvegstandard og gode trafikksikringstiltak. Det er difor viktig at det vert gjennomført naudsynte trafikksikringstiltak på strekninga, og tilrettelegging for gul midtstripe må prioriterast.

Trafikken aukar og prognosane seier 30% auke når Rogfast står ferdig i 2025. Sentrum treng trafikksikringstiltak som sikrar gåande og syklande på begge sider av vegen. Det må difor sikrast midlar til Haugalandspakken slik at fortau kan stå ferdig før Rogfast er eit faktum.

Arm til Bergen

Samarbeidsrådet meiner at ei konseptutvalsutgreiing på arm mellom E134 og Bergen må prioriterast. Dette vil kutta reisetida mellom Bergen og Oslo og auka samfunnsnyttan på E134.

Fiskerihamn på Bømlo

Det er fullt mogleg å starte realisering av fiskerihamn i Hovlandshagen/Langevåg frå og med 2019. Det ligg ferdig reguleringsplan og området kan frigjevast i 2018 når registreringsarbeidet av kulturminne er gjennomført. Her er forprosjektet ferdig og hovudprosjektet er ferdig sommaren 2018.

Kystverket er ferdig med forprosjektet på sjølve hamna og hovudprosjekta som skal munne ut i eit anbudsgrunnlag er starta opp. Dette kan også vere ferdig i 2018. Då er ein klar for oppstart.

Vedlikehald av bruer

Staten må sikre at fylkeskommunen blir i stand til å gjennomføra heilt nødvendig bruvedlikehald på fylkesvegane slik tunnelvedlikehald har fått ei særskilt vurdering med egne rammer.

Sunnhordland, 6. november 2017

Wenche Tislevoll
styreleiar

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar